

Planinitiativ

for gnr. 58 bnr. 15, Børøya/Brusundet - Alver kommune



Figur 1: Flyfoto av området. Avgrensing av planområdet er markert med raud stipla line.
(kjelde: www.nordhordlandskart.no)

Opplysningar om fagkyndig/plankonsulent

Firma: Ard arealplan as
Kontaktperson: Hedvig Godvik Olsen
E-post: hgo@ardarealplan.no
Telefon: 952 18 881

Opplysningar om forslagsstillar

Kontaktperson: Bente Lygre
E-post: bentelygre@yahoo.no
Telefon: 479 242 92

Opplysningar om heimelshavar


Namn: Bente Lygre
E-post/telefon: bentelygre@yahoo.no/479 242 92

Formålet med planen (jf. forskriftas § 1, andre ledd bokstav a)

- Intensjonen med planforslaget er å leggje til rette for bygging av fritidsbustadar. Området ønskast frådelt frå ein større eigedom, for så å bygga fritidsbustader der. Dette er i tråd med kommunedelplanen.

Gjeldande plansituasjon og føringar (jf. forskriftas § 1, andre ledd bokstav g)

- Alver kommune nyttar eksisterande planar frå tidlegare Lindås, Meland og Radøy fram til ein samla kommuneplan ligg føre. Planområdet er i kommunedelplanen for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden 2011-2023 definert som fritidsbusetnad.
- Området er ikkje tidlegare regulert i reguleringsplan, og det er ingen andre pågåande planar i eller rundt planområdet.



Figur 2: Utsnitt av kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden. Planområdet er markert med raud stipla line.


Arealformålet er i samsvar med overordna plan.

Planområdet og omgjevnadene (jf. forskriftas § 1, andre ledd bokstav b)

- Forslag til planavgrensing er markert i kartet under.
Planavgrensinga følgjer delar av eigedomen sitt område som er satt av til fritidsbustad i KPA.

Området ønskes frådelt frå gardsbruk 58/15, og skal nyttast til fritidsbustader.

Rundt planområdet finn ein i nord, nordvest og aust noverande LNF område for tiltak basert på gardens ressursgrunnlag, i vest er det noverande fritidsbusetnad, medan det i søraust og sør er satt til framtidig fritidsbusetnad.



Figur 3 Kart som syner avgrensinga av planområdet, markert med raud stipla line.

Skildring av planområdet

- Planområdet ligg på Børøyna, like ved Brusundet, og er koplå på enden av Lygra, heilt søraust. Området er del av ein større eigedom, og ønskes frådelt frå denne. Storleiken på planområdet er på ca. 7,6 daa. Området er i dag ubyggd.
- Topografien i området består for det meste av kupert terreng, med ein noko bratt skråning opp frå fylkesvegen. Vegetasjonen består i hovudsak av tredekke og buskas.



Figur 4: Flyfoto av planområdet. Planområdet er markert med raud stipla line.

Skildring av nærområdet.

- Vest for planområdet, ligg to fritidsbustader. Det er ikkje opparbeida veg til bustadene. Området rundt planområdet er hovudsakleg LNF område, og dominerast av tre og buskar.
- For å ta vare på det biologiske mangfaldet i Norge, har Norsk institutt for naturforskning (NINA) identifisert «hotspots» for trua arter. NINA har fokusert på arter som i følgje «Norsk rødliste for arter 2015» er trua. Ein trua ansvarsart er en trua art som Norge har spesielt ansvar for å ta vare på fordi meir av 25% av den europeiske bestanden finnast i Norge. Dei ulike hotspots er plassert basert på sannsyn for at artane finnast i området.


På kart frå Miljøstatus visast det at eit område av stor utstrekning, inkludert planområdet, potensielt kan vere eit område der enkelte trua arter trivast.

- Lav – trua art.
- Insekt og edderkoppdyr – trua ansvarsartar

Begge er ved hjelp av statistiske modellar vurdert til å vere blant områda i Norge med dei 5 % høgast modellerte førekomstar. (Høgare enn 95% av Norge)

Artsdatabanken viser at det har blitt observert ei rekke livskraftige fuglar, og ein livskraftig billetype nært området.

Rundt planområdet er det store LNF område, som ivareteke eit eventuelt artsmangfald.



Figur 5: Kartet viser både observerte livskraftige artar like utanfor planområdet, og potensielle trua artar som dekker eit større område, og som strekker seg utover kartutsnitt.

- Det er ikkje registrert nokon kulturminne i planområdet i Askeladdens kartoversikt.
- Stadanalyse, kart med skildring.
Ein finn Feste Nærkjøp om lag 6.8 km frå planområdet. Det nasjonale og internasjonale kunnskapsenteret Lyngheiseret ligg utover på Lygre om lag 3.2 km frå planområdet. Det er om lag 22 km til Knarvik som er regionsenter i Nordhordland og administrasjonssenter i Alver kommune.
Området har svært kort avstand til sjø, i overkant av 100 meter, og har god utsikt mot Toffingasundet.
Det er ikkje registrert nokon kjende turstiar i området.



Figur 6: Kart som viser dei næraste målpunkta.



Figur 7: Like vest for planområdet finn ein busshaldeplass. Kjelde: kart.1881.no

Om plantiltaket (jf. forskriftas § 1, andre ledd bokstav c, d og e)

- Skildring av planlagt busetnad, anlegg og andre tiltak.

Det vil i planområdet leggjast til rette for fritidsbustader.

§2.13 i kommunedelplanen fastslår at fritidsbustadene skal ha ein maksimal storleik på 120m² bruksareal (BRA), og at bygd areal (BYA) ikkje skal overstige 20%. Rekna frå planert terreng er det tillate med maksimal gesimshøgde på 6,0m, medan tillate mønehøgde er på 9,0m.

I føresegna stillast det og krav til at tomt til fritidseigedom ikkje kan vere større enn 1,5 daa. Planområdet på omtrent 7,6 daa kan derfor frådelaast i fleire tomtar.

Det føreligg foreløpig ingen skisser av planlagd fritidsbustad i området.

- Skildring av funksjonell og miljømessig kvalitet.

Fritidsbustadene ein ynskjer å leggje til rette for vil bli lagt på ein god måte i landskapet slik at ein unngår for store og unødvendig terrengingrep. Det vil vidare nyttast fargar og materiale som passar inn i området. Det er ikkje bestemd om det vil opparbeidast veg inn i området og fram til dei planlagde fritidsbustadene eller om det vil bli lagt til rette for felles parkering ved fylkesvegen og så gangtilkomst fram til fritidsbustadene.

Tiltakets verknad på, og tilpassing til, landskap og omgjevnader (jf. forskriftas § 1, andre ledd bokstav f)

- Gitt skildringa av plan- og nærområdet, samt stadanalysen, korleis påverkar planarbeidet dei eksisterande forholda?
Det vil blir gjort ein del terrenginngrep, då topografien i området er kupert, med ein del bratte parti. Området har mykje tre- og buskvegetasjon, og det ligg ingen andre bustader høgare opp, så ein skjermar ikkje for utsikta for nokon.
- Får planarbeidet verknader utanfor planområdet?
Moglegheit for at ein kan sjå på felles avkøyrse frå fylkesvegen saman med dei to tilgrensande fritidsbustadene i vest.

Samfunnssikkerheit (jf. forskriftas § 1, andre ledd bokstav i)

- Korleis skal samfunnssikkerheita ivaretakast i planarbeidet, m.a. gjennom å førebyggje risiko og sårbarheit?
Det er få risikomoment i planområdet. Eit viktig tema i planen blir utforming av avkøyrse til planområdet. Den delen av området som ligg inntil fylkesvegen er relativt bratt. Fylkesvegen har eit rett strekke på begge sidar av området, så dette hjelper på trafikk tryggleik, spesielt sidan vegen er smal.

Varsling (jf. forskriftas § 1 andre ledd bokstav h og j)

- Er det vesentlege interesser som vert råka av planinitiativet?
Det er ingen vesentlege interesser som vert råka av det planlagde tiltaket.
- Kva offentlege instansar og andre interesserte skal varslast ved oppstart?
Naboar tilgrensande planområdet samt aktuelle offentlege og kommunale instansane som alltid varslast ved planoppstart.

Medverknad og samarbeid (jf. forskriftas § 1, andre ledd bokstav k)

- Skildre prosesser for samarbeid og medverknad for å involvere aktuelle fagmyndigheiter, grunneigarar, naboar og andre partar i planarbeidet.
Det blir vurdert moglege tiltak for medverknad etter oppstartsmøte og evt. etter varsling. Varslingsprosessen vil syne om det er trong for medverknad ut over krava.

Vurdering av om planen vert omfatta av [forskrift om konsekvensutredning](#) (jf. forskriftas § 1, andre ledd bokstav l)

Forskrift om konsekvensutredning er gjevne med heimel i plan og bygningslova (pbl.) kap. 4.

Føremålet med forskrifta går fram av § 1, og er at ein både i førebuing av planar og tiltak og når ein tek stilling til om, og på kva vilkår, planar kan gjennomførast, skal «sikre at hensynet til miljø og samfunn blir tatt i betraktning». Tiltakshavar skal sjølv vurdere om planforslaget er omfatta av forskrifta, jf. § 4.

Vidare følgjer vurderinga av om planarbeidet for *gnr. 58 bnr. 15, Børøya/Brusundet i Alver kommune* utløyser krav til konsekvensutgreiing.

Kap. 2 gjev oversyn over kva tiltak og planar som er omfatta av forskrifta.

§ 6 regulerer kva planar som alltid utløyser krav om konsekvensutgreiing og planprogram eller melding. Planarbeidet gjeld ein detaljreguleringsplan etter pbl. med privat tiltakshavar, og må såleis vurderast etter bokstav b som krev konsekvensutgreiing for tiltak som er lista opp i vedlegg I. Tiltaket går ikkje inn under nokon av desse kategoriane, og fell difor utanfor verkeområdet for §6.

§ 7 omhandlar planar etter andre lover, og stiller krav til konsekvensutgreiing etter nærare vilkår for slike planar. Dette planforslaget er ein detaljreguleringsplan som skal handsamast etter pbl., og fell difor utanfor verkeområdet for § 7.

Etter § 8 skal visse planar og tiltak konsekvensutgreiast dersom dei kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn. Dette gjeld a) reguleringsplanar for tiltak i vedlegg II, og b) tiltak i vedlegg II etter annan lov enn pbl. Planforslaget for planområdet er ein detaljreguleringsplan etter pbl, som ikkje inneheld tiltak som er omtala i vedlegg II, og vert såleis ikkje omfatta av regelen i § 8.

Etter dette er konklusjonen at planlagt tiltak for *gnr. 58 bnr. 15, Børøya/Brusundet i Alver kommune* ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing etter Forskrift om konsekvensutredning